



NOTAT

Vedlegg nr. 2

Til: Styringsgruppa
Fra: Statens vegvesen, Transport vest
Kopi:

Saksbehandler /telefon:
Kristian Bauge / 40 45 40 04
Vår dato: 09.09.2025

Sak 50/25 Byutgreiing Bergensområdet 2025: Milepæl 4

Kva saka gjeld

Statens vegvesen vil orientera om resultat og funn som ligg føre per no frå arbeidet med byutgreiing for Bergensområdet.

Bakgrunn for saka

Byutgreiinga er eit kunnskapsgrunnlag som skal visa korleis ulike verkemiddel bidreg til oppnåing av nullvekstmålet, men skal ikkje gi ei tilrådd løysing. Endeleg kombinasjon av tiltak og verkemiddel blir vedteken av partane i fellesskap gjennom reforhandling av byvekstavtalen som Samferdselsdepartementet inviterer til.

På grunn av endra framdrift for alle byutgreiingane, vil det ikkje bli sendt ut resultat eller rapportutkast i forkant av møta i byvekstsamarbeida. Milepæl 4 er derfor ei orienteringssak som presenterer resultat og funn i byutgreiingane så langt arbeidde har komme til no, og gir grunnlag for innspel og diskusjon i møta. Resultata er baserte på retningslinjene for byutgreiingane og fører vidare samansetninga av arealbruksalternativ (milepæl 1) og verkemiddelpakkar (milepæl 2) som vart behandla av styringsgruppa i februar 2025, og dessutan dei førebelse resultata (milepæl 3) som vart presenterte i juni.

Etter presentasjon av dei førebelse resultata no i september 2025, vil innspel bli vurdert innarbeidd og deretter vil rapporten bli sendt på lokal høyring til byvekstpartane (truleg i slutten av oktober 2025). Deretter blir dei lokale rapportane sende til Samferdselsdepartementet i desember 2025 saman med ein samlerapport for alle dei fire byområda. Høyringsmerknadene blir kommenterte og formidla til Samferdselsdepartementet i etterkant av lokal høyring. Me ber partane om å konkretisera når høyringa kan behandlast lokalt til møtet i styringsgruppa 29. september.

Resultat

For Bergensområdet er det berekna ein samla vekst i den privatbiltrafikken som inngår i nullvekstmålet på ca. 8 % fram mot år 2036 og ca. 17 % mot 2050. Byutgreiinga har analysert fire verkemiddelpakkar som viser ulike måtar for å unngå denne veksten og dermed oppnå nullvekstmålet i Bergensområdet.

I Milepål 4 vil dei mest relevante analyseresultata og funn frå arbeidet fram til no bli presenterte i møtet som;

- effekt av enkelttiltak
- effekt av verkemiddelpakkane og geografiske forskjellar
- supplerande analysar/vurderingar

Resultata vil gi grunnlag for å diskutera ei rekke tema som kan bli aktuelle i samband med kommande reforhandling av byvekstavtalen, eksempelvis;

- innretning på trafikantbetaling/bompengar
- nivå på kollektivtransportsatsing
- parkering som verkemiddel
- betydninga av fortetta arealbruk